

Kvinnherad kommune

Forvaltningsseksjonen

FORESPØRSEL OM BYGGING AV FRITIDSBUSTAD PÅ 91/125, SEIMSFLOSS

Eg representerer eigaren av strandtomta 91/125 på Seimsfoss, og vi vurderer å leggja eigedommen ut for sal.

I den samanheng vil vi gjerne ha ei vurdering frå kommunen vedkomande mulighetene for å få byggja eit fritidshus på tomta.

Landdelen av eigedommen har i Kommuneplan 2018 arealformål *Fritidsbebyggelse*. Sjødelen har arealformål *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone*.

Naboeigedommen i nord har same arealformål og er bebygd med fritidshus. For området i sør er det godkjent reguleringsplan, og tilgrensande areal har arealformål *Friluftsområde* både på sjø og land..

For tomta vår er det ønskeleg å kunna fylla ut tilsvarande som på nabotomtene og etablera eit fritidshus på fyllinga samt ein kai slik vedlagte situasjonsplan viser. Bygningen er tenkt plassert 1m frå grensene. Eigedommen har rett til parkering på 91/3.

Eit slikt tiltak vil koma i strid med byggegrense mot sjø som er sett i kommuneplanen, arealformålet i sjøområdet samt maks utnyttingsgrad i føresegnene til kommuneplanen § 3.2.

Tiltaket vil også koma nærare nabogrensa enn 4m, og krev samtykke frå nabo eventuelt godkjenning av kommunen.

Det er difor naudsynt med ei dispensasjonsbehandling. Vi meiner at det ligg godt tilrettes for dispensasjon då tiltaket vil vera i samsvar med hovedformålet *Fritidsbebyggelse* i kommuneplanen og vil ikkje koma i yttarlegare strid med plan og bygningslova, eller andre bestemmelsar, enn eksisterande tiltak i området.

Vårt spørsmål blir då om kommuneadministrasjonen vil kunna vera positive til ein dispensasjonssøknad, og eventuelt kva krav som vil verta sette.

Eit tiltak krev også utvida bruk av avkøyrsløse frå fylkesvegen samt dispensasjon frå byggegrense frå veg.

Høyrrer gjerne få dykk snarast.

Cecilie Skogseth

Tlf: 913 05 977

e-post: daniel.nordgaard@gmail.com